



Vår dato:

27.01.2025

Vår ref:

2021/10008

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Henriette Bye, 5764 3008

«Postnr» «Poststed»

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

«Kontakt»

Høyring av frivillig skogvern for Hammarland naturreservat i Bjørnafjorden kommune

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Hammarland i Bjørnafjorden kommune. Du er velkommen til å sende innspel i høyringa innan 4. april 2025.

Bakgrunn

Arealet er på om lag 500 dekar. Derav utgjer 475 dekar skog, og av dette igjen er 314 dekar produktiv skog. Arealet består av ei bratt fjordli og såleis inngår også noko skrinnare parti med berghamrar og ur.

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold* (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. Per juni 2024 var noko over 5,3 prosent av skogarealet og litt over 4 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Vi har om lag 3,2 prosent skogvern i Vestland. I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva for å ha stor positiv effekt på trua artar i skog. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog.

Frivillig vern av Hammarland i Bjørnafjorden inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog. Det er eit nasjonalt miljømål at eit representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar. Vern av skog er i tillegg viktig for å nå mange andre miljømål vedtekne av Stortinget.

Tilbodsområdet er redusert med om lag 190 dekar i søre del for å grense ut impediment og skog av lågare bonitet. Dette er òg den delen av området med lågast naturkvalitetar.

Sidan oppstart har det blitt gjort endringar i rekjkjefølgja på punkta i § 4 i verneforskrifta.



Frivillig skogvern

Artsdatabanken, den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfold, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar. Inngrep som fylge av nedbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Derfor er det å ta vare på levestadane til artsmangfold i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjere for å sikre vestlandsnaturen for framtida. Dei siste åra har frivillig skogvern etter naturmangfaldslova vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern der staten er heilt avhengig av at grunneigarane sjølv ynskjer dette. Grunneigarane på Hammarland har akseptert det økonomiske tilbodet frå staten. Det er AT Skog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarane, og som ser til at interessene til disse vert ivaretake.

Verneverdiiane i og rundt Hammarland naturreservat

Området ligg om lag 5 km aust for tettstaden Eikelandsosen i Bjørnafjorden kommune. Arealet har i hovudsak ein austleg eksposisjon og ligg på vestsida langs Gjønavatnet, og er innafor boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon. Areala er ein del av Kikedalen som er eit av 18 område i Vestland som er klassifisert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap. Styvingsskogen i dei bratte dalsidene går attende til mellomalderen. Heile dalføret ber preg av at ein har drive med tradisjonell fôrsanking heilt fram til vår tid.

Tilbodsområdet utgjer skog av varierte kvalitetar, frå fattig bjørkeskog til svært store naturkvalitetar og styvingstre av ask i boreonemoral regnskog. I øvre parti førekjem vekselvis rike og fattige skogtypar om kvarandre, og skogen er truleg blitt beita tidlegare. I nedre parti rett ovanfor Hammarland gard finn ein styvingsli med ask. Desse er grove, med høg tettleik av tre og området vert vurdert som svært verdifullt. Lia er tidlegare registeret under naturtypekartlegginga og klassifisert som A-verdi (DN-handbok 13). Den sjeldne og sterkt trua regnskoglaven strutlav *Gomphillus calycoides* (EN) er konstatert på fleire av dei styva asketrea. Bleik kraterlav (VU) *Gyalecta flotowii* er konstatert frå før i 2001 og veks på gamle styva aske- og almetre. Vern av tilbodsområdet Hammarland vil bidra til å dekke manglar i skogvernet av boreonemoral regnskog og frisk rik edellauvskog som begge er raudlista naturtypar.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat i § 37, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, vurderer vi er mest aktuelt for Hammarland. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sanking av sopp og bær. Ein skal også kunne halde eksisterande turstiar ved like.

Brukinteresser

Det meste av friluftsliv kan gå føre seg som tidlegare. Bål med bruk av medteke ved og kvist frå bakken vil vere lov. Jakt på hjort er del av både næringsgrunnlaget og rekreasjon i området. Jakta vil kunne fortsette uavhengig av eit vern. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt vil vere lov. Forskrifta opnar for motorisert frakt av felt storvilt ut av terrenget med terrenggåande beltekøyretøy, og forvaltningsstyretemakta kan vurdere å gje dispensasjon til frakt av felt vilt med andre køyretøy dersom vilkåra er til stades.



Det vil i utgangspunktet ikkje vere lov å bruke naturreservatet til større arrangement. Kva som inngår i omgrepet «større arrangement» vil vere vurderingar som forvalningsstyresmakta vil kunne gjere i det enkelte tilfellet. Det kan likevel søkjast om dispensasjon til større arrangement ved avgrensa bruk av reservatet. Her vil potensiell slitasje i terreng og sårbarheit spele ei rolle i vurderinga. Ein kan også søkje om dispensasjon til bruk av naturreservatet til miljøbasert reiselivsverksemd i samsvar med plan godkjent av forvalningsstyresmakta.

Området nyttast til beite med småfe, og til frakt av husdyr til beite utanfor området. Denne bruken vil kunne halde frem også etter eit vern, jf. § 4 bokstav c, so fremt dette ikkje er til skade for verneføremålet.

Innspel i verneprosessen

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 29. august 2024. Innan fristen den 27. september same år fekk vi inn åtte innspel. Statnett sendte innspel, men hadde ikkje merknadar til høyringa. Vi har inkludert dei resterande sju innspela i prosessen vidare. Innspela er omtalt under.

Språkrådet er samd om skrivemåten *Hammarland* naturreservat.

Bjørnafjorden landbrukskontor er positiv til opprettinga av Hammarland naturreservat. Landbrukskontoret meiner det er behov for grundig kartlegging av naturkvalitetane, både i det planlagde naturreservatet, og i dei nærliggande områda. Dei meiner desse områda bør vurderast å inngå i vernet som bufferzonar, då dei kan bidra til å styrke vernet av dei høgare skogtypane innanfor reservatet.

Det er registrert førekommstar av haustingsskog nord for vernegrensa. Landbrukskontoret synes skogen bør inkluderast i verneområdet, grunna areala sin økologiske og kulturhistoriske verdi. Dei fremjar òg ynskje om at Heilhillerhornet-området vurderast som ei potensiell utviding, ettersom det dannar ein samanheng med resten av landskapet og økosystemet.

Landbrukskontoret er interessert i at det inkluderast tiltak i forvalningsplanen som sikrar bevaringa av stivingstrea i området. Det vert òg ytra bekymring kring spreiing av framande treslag som kan redusere verneverdien på lang sikt.

Dei ser vidare ingen konflikt med landbruksinteresser, då området har avgrensa potensial for auka landbruksproduksjon. Grunna området sin store natur- og landskapsverdiar, vurderer dei vernet som gunstig frå eit samfunnsperspektiv.

Kommentar får Statsforvaltaren:

Vi ser stor verdi i naturområdet rundt Gjønavatnet, og ynskjer gjerne å få tilbod om frivillig skogvern på fleire eigedommar i nærliken av det føreslegne verneområdet. Dersom grunneigarar fremjar ynskje om vern, vil det òg bli mogleg å utføre ytterlegare kartleggingar av naturkvalitetane i fleire område rundt Hammarland.

Eit vern opnar for større moglege for å ta vare på naturverdiane i området. Det vil til dømes vere mogleg å planlegge tiltak i forvalningsplanen, som styving og fjerning av framande treslag.

Norges vassdrags- og energidirektorat har ingen merknadar til verneforslaget, men ber områdekonsesjonærer LYSNA AS om å uttale seg om saka.



LYSNA AS har kome med innspel om at dei ikkje har planar innanfor området.

Codex Advokat Oslo AS ved Elise Haavik fremjar innspel i saka på vegne av grunneigarar ved gbnr. 176/2, som har bruksrett for beite på område innanfor vernegrensa. Området nyttast til beite for småfe i dag. Innspelet omhandlar formuleringa av § 4 bokstav d (no bokstav c) i verneforskrifta, om beite innanfor området. Det bes om ei tilbakemelding på kva som skal til for at verneverdiane blir «skada» og ei presisering om kva beitepress som i realiteten vil vere godtatt ved eit vern.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi er eins om at formuleringa i § 4 bokstav c er lite konkret. Då saka var på oppstart brukte vi formuleringa *Beiting med eit beitebelegg som ikkje skadar verneverdiane*. Difor har vi, etter innspel, endra formuleringa jf. nyare malar for frivillig skogvern-område til berre å vere *Beiting*. Denne formuleringa blir brukt i alle nyare frivillig skogvern-område, og er også naturleg å bruke for Hammarland.

Nordfjella beitelag sine medlemmar har sauver på beite vest og nord for Hammarland. Det vil sei i området Øykjafjellet, Bygdastølen, Ottanosa, Kjeringafjell, og frå nordleg grense på Hammarland og nordover til Kikedalen og området rundt Spongatjørna. Stien som går sør-nord gjennom verneområdet nyttast til føring av bufe til og frå beiteområda. Beitelaget ynskjer at bruken av stien til frakt av dyr blir tatt med i verneforskrifta. Dei ynskjer òg at naudsynt rydding for å nytte stien til driftsveg skal vere mogleg. Dei viser til at § 4 bokstav h (no bokstav f) i forskrifta ser ut til å opne for dette.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Dagens bruk av stiar til frakt av bufe skal kunne halde fram som i dag, også etter verneområdet er oppretta. Naudsynt rydding av eksisterande stiar vil vere lov etter § 4 bokstav f i verneforskrifta. Ein vil også kunne søkje om ryddig av nye stiar jf. verneforskrifta.

Endringar sidan oppstart

Etter oppstart er det blitt lagt til punkt i verneforskrifta som omhandlar oppsetting av midlertidige jakttårn, og rydding av siktelinjer i samband med jakt av storvilt, jf. § 4 bokstav h og i.

Det er også gjort endringar som presiserer reglane for bålbranning innanfor verneområdet.

Vi har også teke omsyn til innspelet frå grunneigar med beiterett, og har endra formuleringa frå *Beiting med eit beitebelegg som ikkje skadar verneverdiane* til *Beiting*. Dette er i tråd med nyare malar og standardisering av frivillig skogvernforskrifter.

Forvalningsstyresmakt

Fastsetting av forvalningsstyresmakt for Hammarland naturreservat blir avgjort i vernevedtaket eller like etterpå. Statsforvaltaren får delegert forvalningsstyresmakt frå Miljødirektoratet for dei fleste verneområde, men myndigheita er i nokre tilfelle delegert til kommunen eller verneområdestyre dersom området ligg i nærleiken av eit område med lokal forvaltning. Dersom Bjørnafjorden kommune ynskjer delegert forvalningsmyndigkeit må kommunen gje tilbakemelding om dette gjennom høyringa. For tilbodet til kommunane om forvalningsmyndigkeit gjeld følgjande føresetnader:

- Kommunen vert tilbodd å bli forvalningsstyresmakt for alle verneområda som i si heilskap ligg innafor kommunen sine grenser, utanom dei som ligg under verneområdestyre.



- Kommunar som ikkje tidlegare har hatt forvaltningsmyndigkeit må takke ja til alle aktuelle verneområde i kommunen dersom kommunen ynskjer å bli forvalningsstyresmakt. Kommunen må ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse.
- Det følgjer ikkje midlar til ei eventuell delegert myndigkeit.

Innspel og vidare framdrift

Det er ynskjeleg med innspel på det frivillige skogvernet i Hammarland slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil vi vurdere innspela og ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet. **Frist for å kome med innspel er 4. april 2025.**

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på nettstaden vår under Høyringar. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Eline Orheim
fungerande miljødirektør

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Hammarland NR verneforskrift
- 2 Kart Hammarland

Kopi til:

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM

**Mottakerliste:**

Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Cathrine Solvi Hammersland-Skjøndal	Hammarlandsvegen 289	5640	Eikelandsosen
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Det norske skogselskap			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Sør-Norges Fiskarlag	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG



Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitoligisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Dørndalsveien 114	7100	RISSA
DNT - Bergen og Hordaland			
Statnett	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Statkraft	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO